

Notat

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato skriven: 26.10.2006
Frå: Administrerande direktør Herlof Nilssen
Sakshandsamar: Ivar Eriksen
Saka gjeld: **Orientering om relevante lovar, forskrifter og andre myndigheitskrav i perioden 28.09.06 - 25.10.06**

Styresak 097/06 O
Administrerande direktør si orientering pkt. 3

**Styremøte
08.11.2006**

Oversikt over nye aktuelle lovar og lovendringar i perioden 28.09.06 – 25.10.06

| Lov | Dato for kunngjering | Kva lova/endringa gjeld | |
|---|-----------------------------|--------------------------------|--|
| Det er ikkje gitt nye lovar eller gjort endringar i relevante lovar i perioden. | | | |

Oversikt over nye aktuelle forskrifter og forskriftsendringar i perioden 28.09.06 – 25.10.06

| Forskrift | Dato for kunngjering | Kva forskrifta/endringa gjeld |
|--|-----------------------------|---|
| Forskrift om endring i forskrift om offentlege innkjøp | 13.10.06 | <p>Det er gjort ei endring i forskrifta som opnar for at kjøp av spesialisthelsetenester frå private rehabiliteringsinstitusjonar kan skje utan at man nyttar dei innkjøpsprosedyrane som følgjer av forskrifta del III.</p> <p>Desse kjøpa vil likevel vere omfatta av lov om offentlege innkjøp og forskrifta si del I. Det er innanfor desse delane av regelverket ikkje lagt spesielle prosedyrekrav, men kjøpa må følgje grunnleggjande krav om konkurranse så langt det er mogleg, innkjøpar skal følgje god forretningsskikk, leverandørane skal behandles likt og den prosessen som blir kjørt må vere forutsigbar, gjennomsiktig og mogleg å etterprøve.</p> <p>Helse- og omsorgsdepartementet har i brev til dei regionale helseføretaka 13.10.06 understreka at det er viktig at innkjøpa skjer på ein måte som sikrar at dei regionale helseføretaka opptrer med stor integritet, slik at samfunnet har tillit til at offentlege innkjøp skjer på ein samfunnsnyttig måte</p> |

Oversikt over myndigheitskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet i perioden 28.09.06 – 25.10.06

| Myndigheitskrav | Dato | Kva saka gjeld |
|---|-------------|---|
| Oppfølging av Nasjonal helseplan – privatpraktiserande spesialistar. | 13.10.06 | I brevet blir det vist til omtale av private verksender sin medverknad i den offentlege helsepolitikken, jf. pkt 6.3.3 i Nasjonal helseplan. HOD viser til at det eit overordna mål at spesialistar med driftsavtale med regionalt helseføretak skal bidra til å oppfylle "sørgje for"-ansvaret, og at det må bli lagt betre til rette for å integrere desse med sikte på å oppnå ein god oppgåvefordeling i forhold til spesialisthelsetenesta elles. |
| Oppbygging av landsfunksjon og regionale tilbod til døve med psykiske lidinger. | 20.10.06 | I brevet tydeliggjør HOD dei regionale helseføretaka sitt ansvar for å legge til rette for tilbod til døve med psykiske lidinger og ber om at ein sikrar at dette tilbodet blir ivaretatt etter "sørgje for"-ansvaret. HOD rår til at det blir utpeikt ein eining med særskilt ansvar for denne pasientgruppa i helseregionen. |